

TEMAPLAN FOR TRAFIKKSIKRING I OSTERØY KOMMUNE



2021 – 2025

11.01.2021

Forord

Temaplan for trafikksikring i Osterøy kommune 2021 – 2025 er ei revisjon av Temaplan for trafikksikring i Osterøy kommune 2016-2020.

Trafikktryggleik gjeld oss alle på tvers av alder og funksjon. Me har alle eit ansvar i trafikken ved å vise gode haldningar når me ferdast langs vegen. Kommunen har eit særskilt ansvar ved at den er arbeidsgjevar, vegeigar, barnehageeigar, skuleeigar og kjøpar av transporttenester. Kommunen sine målsetjingar er å førebyggja ulukker og gjera det meir attraktivt å gå/sykle langs veg. Planen er revidert med innstillinga frå politisk arbeidsgruppe som vart nedsett i 2019 for å revidere handlingsdelen i Temaplan for trafikksikring i Osterøy kommune 2016-2020. Arbeidsgruppa, som kalla seg for trafikksikringsnemnda i arbeidsperioden, hadde i løpet av våren 2019 gruppemøter og møter med grendaråd der dei samla kom fram til ønska prioriterte trafikksikringstiltak. Dei prioriterte trafikksikringstiltaka utgjer handlingsdelen i trafikksikringsplanen for perioden 2021-2025. I tillegg til innstillinga frå trafikksikringsnemnda legg rådmannen inn nokon tiltak som er naudsynt for realisering av pågåande prosjekt.

Handlingsdelen bør rullerast annan kvart år slik at tiltaka speglar behova. Ein godkjend trafikksikringsplan er eit krav ved tildeling av midlar til trafikksikringstiltak frå stat og fylkeskommune.

Handlingsdelen til planen har vore utarbeidd av ei politisk arbeidsgruppe:

Hjalti Gislason (H)
Annbjørg Herland (KrF)
Robert Eikeland (Ap)
Sigmund Faugstad (Frp)
Turid B. Njåstad (Sp)

Politisk handsaming: Heradsstyret vedtok samrøystes 17.juni 2020 (Sak 046/20) å leggje oppdatert handlingsdel til Temaplan for trafikksikring ut på høyring og offentleg ettersyn i minimum 6 veker.

Etter politisk handsaming ser rådmannen det som naudsynt å legge til nokre tiltak på listene for å kunne realisere og søke tilskot til gjennomføring av pågåande prosjekt og for tiltak i områdeplan for Lonevåg. Det har og kome inn kopi av søknadar om trafikksikringstiltak som innbyggjarane har søkt om direkte til fylkeskommunen. Desse tiltaka er allereie i innstillinga frå trafikksikringsnemnda.

Innhold

Forord.....	2
1.0 INNLEIING	5
1.1 FØREMÅL.....	5
1.2 NULLVISJONEN	5
1.3 PLANPROSESS.....	5
1.4 KOPLING MOT ANDRE PLANAR OG PROSESSAR	7
2.0 PRESENTASJON AV KOMMUNEN	8
2.1 OSTERØY KOMMUNE	8
2.2 OMRÅDESENTRA OG KOMMUNALE TENESTER	8
2.3 NÆRINGSLIV	8
2.4 TRAFIKKMØNSTER I KOMMUNEN	9
2.5 TRAFIKKSIKRING OG FOLKEHELSE	9
2.6 TRAFIKKSIKRING - PLANLEGGING FOR KLIMA OG ENERGI	9
3.0 UTFORDRINGAR.....	10
3.1 ULUKKESSTATISTIKK	10
3.1.1 OMFANG AV ULUKKER	10
3.1.2 KVA ULUKKER OG KVA GRUPPE ER RÅKA.....	11
3.1.3 FORDELING PÅ UNDERLAG.....	12
3.2 RASFARE	13
4.0 TRAFIKKSIKRINGSARBEID I OSTERØY KOMMUNE I DAG	14
4.1 OSTERØY KOMMUNE	14
4.2 VESTLAND FYLKESKOMMUNE.....	15
4.3 STATENS VEGVESEN	15
4.4 OSTERØY LENSMANNSKONTOR	15
4.5 TRYGG TRAFIKK.....	16
4.6 SKYSS	16
4.7 ANDRE	16
5.0 NASJONALE OG REGIONALE MÅLSETJINGAR OG SATSINGSOMRÅDE FOR TRAFIKKSIKRINGSARBEIDET.....	17
5.1 NASJONALE MÅL.....	17
5.2 NASJONAL TILTAKSPLAN	17
5.3 REGIONALE MÅL.....	18
6.0 MÅLSETJINGAR FOR TRAFIKKSIKRINGSARBEID PÅ OSTERØY.....	19

7.0	SATSINGSOMRÅDE FOR TRAFIKKSIKRINGSARBEID PÅ OSTERØY	19
8.0	HANDLINGSPLAN FOR TRAFIKKSIKRING PÅ OSTERØY.....	21
A.	ORGANISATORISKE TILTAK	22
B.	HALDNINGSSKAPANDE TILTAK	27
C.	RASSIKRING AV FYLKESVEGAR (RTP 5.1)	28
D.	TRYGG SKULEVEG (RTP 5.2).....	29
E.	STORE PROSJEKT.....	31
F.	REISELIV OG TILTAK LANGS FYLKESVEGNETTET (RTP 5.6).....	32
G.	AUKE I KOLLEKTIVANDEL, SYKKEL OG GANGE (RTP 7.1)	33
H.	FYLKESVEGAR: MINDRE FYSISKE TRAFIKKSIKRINGSTILTAK	34
I.	INNSPEL TIL FYLKESKOMMUNEN/STATENS VEGVESEN: ENDRING AV FARTSGRENSER	36
J.	INNSPEL TIL FYLKESKOMMUNEN/STATENS VEGVESEN: ANDRE TILTAK.....	37
K.	KOMMUNALE TILTAK/VIKTIGE TILTAK	38
9.0	REALISERING.....	39
9.1	ØKONOMI	39
10.0	LITTERATUR:	40

1.0 INNLEIING

Temaplan for trafikksikring for Osterøy kommune 2021-2025 er ein revisjon av temaplan for trafikksikring for Osterøy kommune 2016-2020. Bakgrunn for revisjonen er behovet for oppdatert handlingsdel då førre plan har ein gyldigheit til 2020. Det er viktig for å justera arbeidet med trafikktryggleiken slik behova er i dag og slik det kan utvikla seg framover.

1.1 FØREMÅL

Trafikksikringsplanen for Osterøy 2021 - 2025 skal kartleggja utfordringar, leggja ein visjon og setja mål, samt visa til satsingsområde og tiltak. Planen vil ta utgangspunkt i sentrale føringar og handlingsplanen for trafikksikring i fylket. Ny plan for trafikksikring vil vera eit overordna verktøy for å redusera tal ulukker og auka tryggleiken i trafikken på Osterøy. Ein godkjend plan vil og vera eit krav ved tildeling av midlar frå stat/fylkeskommune.

1.2 NULLVISJONEN

Nullvisjonen vart vedteken i samband med Stortinget si handsaming av St.meld. nr 46 (1999-2000) Nasjonal transportplan 2002 – 2011. Nullvisjonen er ein visjon om eit transportsystem som ikkje fører til døde eller hardt skadde. Nullvisjonen er bygd på at trafikantane og styresmaktene har eit delt ansvar og gjensidig forplikting i forhold til kvarandre. Trafikantane skal overhalda spelereglane i trafikken og dei skal vera aktsame. Styresmaktene skal sørgja for at trafikksystemet er så sikkert at ei enkel feilhandling ikkje fører til døde eller hardt skadde.

Osterøy kommune legg nullvisjonen for drepne og hardt skadde til grunn for trafikksikringsarbeidet i kommunen.

1.3 PLANPROSESS

Planen for 2021-2025 er ein revisjon av trafikksikringsplanen for 2016-2020, og er basert på arbeidet til ei politisk arbeidsgruppe med mandat frå heradsstyret i vedtak 100/18 – «Revisjon av Temaplan for trafikksikring 2016-2020, handlingsdelen, punkt C til H – oppnemning av arbeidsgruppe». Medlemmane vart vald inn i same sak. Gruppa kalla seg «trafikksikringsnemnda» i arbeidsperioden. Gruppa hadde som visjon å jobbe for trygg og sikker veg som bind saman bygder og som fremjar folkehelsa. Arbeidsgruppa hadde 7 møter frå januar 2019 til juni 2019, i tillegg til eit 3 timars seminar 9.april 2019 med alle grendaråda i kommunen. Grendaråda presenterte trafikksikringstiltak dei ynskja prioritert i deira nærrområde.

I førebuingarbeidet inviterte gruppa, og hadde samtalar med, sektorleiar for samfunnsutvikling i kommunen, leiar i utval for miljø og samferdsle i fylkeskommune og politikontakten på Osterøy. Representant frå Statens Vegvesen var invitert, men hadde ikkje høve til å kome.

I oppdatert handlingsdel vert fylgjande lister i Temaplan for Trafikksikring 2016-2020 erstatta:

C. MINDRE INVESTERINGSTILTAK – IKKJE PRIORITERT LISTE

D. UTARBEIDING AV PLANAR – PRIORITERT LISTE

E. STØRRE INVESTERINGSTILTAK – PRIORITERT LISTE

F. RASSIKRING – PRIORITERT LISTE

G. VEDLIKEHALD – IKKJE PRIORITERT LISTE
H. IKKJE AKTUELLE TILTAK / ALLEREIE UTFØRTE TILTAK

med fylgjande lister frå innstillinga frå arbeidsgruppe for revisjon av handlingsdelen i Temaplan for trafikksikring:

- C. RTP/HD: Rassikring av fylkesvegar (5.1)
- D. RTP/HD: Trygg skuleveg (5.2)
- E. RTP/HD: Store prosjekt (5.3)
- F. RTP/HD: Reiseliv og tiltak langs fylkesvegnettet (5.6)
- G. RTP/HD: Auke i kollektivandel, sykkel og gange (7.1)
- H. Fylkesvegar: Mindre fysiske trafikksikringstiltak
- I. Innspel til Statens Vegvesen: Endring av fartsgrenser
- J. Innspel til Statens Vegvesen: Andre tiltak
- K. Kommunale tiltak/Viktige tiltak

Innstillinga frå arbeidsgruppa vart sendt til administrasjonen juni 2019. Ny planstrategi for 2020-2024 prioriterer revisjon av temaplan for trafikksikring høgt, og planen kom høgt på politisk dagsorden då det har vore stort fokus på trafikkale høve i kommunen som gjev utfordringar knytt til pågåande reguleringsarbeid.

Innstillinga med dei nye prioriteringslistene frå arbeidsgruppa vart samrøystes vedteke av heradsstyret 17.juni 2020, i sak 046/20.

Etter politisk handsaming ser rådmannen det som naudsynt å legge til nokre tiltak i handlingsdelen for å kunne realisere og søke tilskot til gjennomføring av pågåande prosjekt og for tiltak i områdeplan for Lonevåg. Desse tiltaka er:

- Nedsett fartsgrense på strekning forbi avkøyrser til planlagt småbåthamn i Lonevåg, mot Lonevågstunnelen.
- Gang og sykkelveg i Lonevåg, frå rundkøyring og langs strekket mot krysset til Fotlandsvegen/Gjerstadvegen.
- Fortau i Fossen/Ramberget – trygg skuleveg
- Utbetring av brekka frå fylkesveg Fotlandsvegen og opp mot Fossen.
- Utbetring av busshaldeplass ved Haus barnehage og skule.

Det har og kome nokre innspel frå innbyggjarar som er teke med i planen:

- Nedsett fartsgrense og evt trafikksikringstiltak Kvisti-Bruvik.
 - o Kvisti – Vimmelvik, Stokko-Skaftå, Hekland-midt Bruvik, Indre Bruvik-Spikhaugen bustadfelt.
- «Barn leker»-skilt ved Midt – Mjeld, FV 5416 Mjelddalen.
- Fartsreducerande tiltak som fartsdumpar, på strekningar frå Kvist til Bruvik.

Planavdelinga har revidert handlingsdelen i trafikksikringsplanen i samråd med leiar for arbeidsgruppa, Hjalti Gislason. Planen har vore på høyring og offentleg ettersyn. Rådmannen har kommentert merknadar og gjort tilråding til politisk handsaming og vedtak. Saka skal endeleg vedtakast i Heradsstyret.

Planen har ikkje hatt medverknadsprosess på lik line med førre trafikksikringsplan. Ved neste rullering av trafikksikringsplanen rår rådmannen til ein breiare medverknadsprosess der ungdomsråd, barnehagar, skular, ulike lag og organisasjon og faginstansar kan kome med innspel.

1.4 KOPLING MOT ANDRE PLANAR OG PROSESSAR

Trafikksikringsplanen har status som temaplan og inngår i det kommunale planhierarkiet. Planen skal handsamast politisk og vedtakast av Heradsstyret.

Osterøy kommune har ansvar for finansiering og gjennomføring av tiltak på det kommunale vegnettet. Planen skal prioritera fysiske trafikksikringstiltak i planperioden 2021 – 2025, som igjen skal leggja grunnlag for prioriteringar i budsjettet.

Vestland fylkeskommune har ansvar for fylkesvegnettet. Kommunen skal fremja forslag til tiltak og påverka dei prioriteringar som vert gjort på fylkesnivå, mellom anna som høyringsinstans.

Trafikksikringsplanen vil vera eit grunnlagsdokument for kommunen i denne prosessen.

2.0 PRESENTASJON AV KOMMUNEN

2.1 OSTERØY KOMMUNE

Osterøy kommune omfattar 253 km² av den 324 km² store øya. Den nordlege delen av øya ligg i Vaksdal kommune. I sør og vest ligg Bergen kommune og i nordvest ligg Alver kommune. Det er bru og ferjesamband til nabokommunen Bergen.

Ved inngangen til 2020 var det 8098 registrerte innbyggjarar i Osterøy kommune, det er 891 fleire enn i 2005. Den samla folketilveksten i perioden var på 12,4 prosent – som er lågare enn veksten i Hordaland sett under eitt i same periode. Det er aldersgruppa 65 pluss som har den sterkaste prosentvise veksten, medan aldersgruppa under 20 år hadde negativ «vekst», dvs. det er færre under 20 år busett i kommunen i 2020 enn i 2005.


Framskriving av folketalet syner at det i Osterøy kommune i 2035 vil vere 9018 innbyggjarar dersom ein legg Norconsult sine prognosar til grunn (basert på folketalet i 2019). Dersom ein legg Statistisk sentralbyrå sine tal til grunn vil ein kunna forventa å ha 9374 innbyggjarar i 2035 (Kommuneplanens samfunnsdel).

2.2 OMRÅDESENTRA OG KOMMUNALE TENESTER

Kommunesenteret ligg i Lonevåg. Her ligg rådhus, ungdomsskule, vidaregåande skule, sentral-idrettsanlegg, spesialforretningar og andre sentrale kommunale tenester. Osterøy kommune har i tillegg til kommunesenteret tre definerte områdesentra: Fotlandsvåg, Haus og Valestrand/Hauge. Desse områdesentra har barneskule og barnehagar. I tillegg er det privat barneskule på Hosanger, Hjellvik og Hamre og ein privat ungdomsskule på Valestrand. Alders- og sjukeheim ligg på Hauge mellom Lonevåg og Valestrand.

2.3 NÆRINGSLIV

Osterøy er særprega av sin moderne industri med bakgrunn i gamle handverkstradisjonar. Industrien er hovudsakleg lokalisert langs Fv 567 Valestrand – Lonevåg – Tysse. Kommunen har og entreprenørverksemder, jordbruk, fiskeoppdrett m.m.



2.4 TRAFIKKMØNSTER I KOMMUNEN

Trafikkmønsteret på Osterøy vert definert av områdesentra: Lonevåg, Fotlandsvåg, Haus og Valestrand/Hauge. Hovudtrafikken går på fylkesveg 567 Valestrand – Lonevåg – Tyssebotn og fylkesveg 566 Kvisti – Hauge.

Det to moglege overfartar til fastlandet - Ferjesamband i sør: Valestrand – Breistein og brusamband med Bergen: Kvisti – Herland.

Talet på arbeidsplassar i kommunen er lågare enn talet på arbeidskraft i kommunen og Osterøy har netto utpendling til Bergen og andre nabokommunar. Samstundes er det også innpendling frå Bergen og andre nabokommunar. I 2018 var det t.d. 1365 personar som pendla frå Osterøy til Bergen og 320 som pendla frå Bergen til Osterøy. I alt pendla rundt 37 prosent av arbeidsstokken ut av kommunen ved utgangen av 2018 (Kommuneplanens samfunnsdel).


2.5 TRAFIKKSIKRING OG FOLKEHELSE

Trafikksikring er viktig i eit folkehelseperspektiv. Gjennom kommunal planlegging kan ein leggja til rette for ivaretaking av folkehelsa. Gjennom universelle og befolkningsretta tiltak gjev ein den einiskilde innbyggjar kompetanse og moglegheit til å ta vare på eiga helse. Å leggja til rette for helsefremjande transportløyisingar som gang- og sykkelveggar og eit effektivt kollektivtilbod samt auka kompetansenivå på trafikksikring for alle, er eksemplar på gode folkehelseiltak.

2.6 TRAFIKKSIKRING - PLANLEGGING FOR KLIMA OG ENERGI

Nasjonale og regionale målsetnader er at ved forventna befolkningsauke skal trafikkauken i hovudsak løysast gjennom gange, sykkel- og kollektivreiser. Fragmenterte gang- og sykkelveggar, samt smale veggar, kan hindra bruk av gange og sykkel til transportreiser. Ein auke i personbiltrafikken kan gjera det mindre attraktivt å vera gåande eller syklande langs vegane, særleg der det ikkje er gang- og sykkelveg.

Arealbruk og utbyggingsmønster som legg til rette for meir miljøvenlege reise- og transportformer er avgjerande for at kollektiv, gange og sykkel skal ta trafikkveksten. Ein struktur der konsentrasjon av



Figur 1 Kart visar ÅDT (års døgntrafikk) for vegstrekningane i kommunen. Data henta frå Statens vegvesen sitt vegkart, aug 2020.

bustader og arbeidsplassar knyter seg til i kollektivaksar, rundt tettstadsenter og ved kollektivknutepunkt vil fremja auke i meir klimavenlege transportformer. Tett utbyggingsmønster med relativt kort gangavstand til haldeplassar er nødvendig. Ein kan nå desse måla ved å prioritera mjuke trafikantar og leggja opp til at alle korte reiser (under 3 km) skal kunna bli utført med gange- og /eller sykkel i dei sentrale delane av kommunen. Trygge og samanhengande sykkel- og gangveggar i og rundt tettstadene er naudsynt å få på plass i denne samanhengen.

Klimaendringar vil medføra eit våtare klima på Osterøy. Dette vil kunna medføra auke i flaum og skredhendingar. Det er difor viktig at ein i arealplanlegging og utbygging legg til rette for og sikrar at risiko i første omgang vert redusert gjennom god arealplanlegging og førebyggjande tiltak.

3.0 UTFORDRINGAR

I samband med utfordringsbiletet for Osterøy ser ein på ulukkesstatistikk og kva den speglar. I planen er det vanskeleg å sjå på dei konkrete årsakene til ulukkene, men planen viser til risikofaktorar som ligg til grunn for ulukker gjennom arbeid som er gjort av Statens vegvesen.

3.1 ULUKKESSTATISTIKK


I utarbeiding av ein trafikksikringsplan er det naturleg å ta utgangspunkt i ulukkesstatistikken. Tala for Osterøy er små, difor vil ikkje ulukkesstatistikken åleine gje eit grunnlag for kva tiltak som skal setjast i verk.

3.1.1 OMFANG AV ULUKKER

I frå 2010 til 2019 har det i Osterøy kommune skjedd 53 ulukker med personskaade. Av 53 ulukker er det registeret 59 skadde personar. Totalt har det vore 2 dødsfall i perioden frå 2010 tom 2019.


	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Ulykker	2	7	5	5	3	6	8	8	4	5
Dødsulykker	1	0	0	0	0	1	0	0	0	0
Drepte	1	0	0	0	0	1	0	0	0	0
Skadde i alt	3	7	5	5	3	5	9	13	4	5
Hardt skadde	0	1	1	1	0	1	0	5	1	1
Lettare skadde	2	6	4	4	3	4	9	8	3	3
Uoppgitt skadegrad	1	0	0	0	0	0	0	0	0	1

Tabell 1 - Data henta frå SSB




Tabell 2 - Statistikk henta frå SSB

3.1.2 KVA ULUKKER OG KVA GRUPPE ER RÅKA



Figur 2 - Statistikk frå SVV

Dei fleste av ulukkene er knyta til bilbruk og MC-ulukker.



Figur 3 - Diagram visar ulukkesprosent for ulike fartsgrenser. Tal henta frå SVV.

Det er på strekningar med 80 km/t der størsteparten av ulukkene skjer. Store deler av vegstrekningane i kommunen er fylkesveg med 80 km/t. Det er ei kjend samanheng om at høg fart gjev økt sannsyn for ulukker. Sidan bygdene og tettstadene ligg spreidd i kommunen, vert det lange strekningar med 80 km/t som knyt bygdene saman.




Figur 4 - Blå liner i kartet syner strekningane i kommunen med fartsgrense 80 km/t. Henta frå SVV vegkart.

Statistikken visar at det i hovudsak er utforkøyring og møteulukker.

3.1.3 FORDELING PÅ UNDERLAG

Nær halvparten av ulukkene skjer på tørr bar veg, og nær halvparten av ulukkene skjer når det er glatt vegbane.



Figur 5-Diagram visar føreforhold når ulukkene skjer. Data henta frå SVV


3.2 RASFARE

Grunna topografien på øya, er mange strekningar rasutsett. Statens vegvesen Region vest utarbeidar årlege rapportar som syner dei mest skredutsette punkta med skredsikringsbehov for riks- og fylkesvegnettet i Region vest. Skredpunkta er identifisert og rangert med grunnlag i Statens vegvesen sin prioriteringsmodell. Dette er ein reknemodell som tek omsyn til ulike faktorar knytt til skredfare og framkomst på den utsette strekninga. Både risiko for personskade, trafikkmengde og omkøyringsmoglegheiter er med i modellen.

Rapporten frå 2019 visar at det er fleire rasutsette punkt på Osterøy. Størsteparten av dei rasutsette punkta er langs fylkesveg 5418 mellom Haus og Bruvik, primært på strekket frå Kvisti til Bruvik.

4.0 TRAFIKKSIKRINGSARBEID I OSTERØY KOMMUNE I DAG

4.1 OSTERØY KOMMUNE



Kommunen er som arbeidsgjevar, vegeigar, barnehageeigar, skuleeigar og kjøpar av transporttenester ein viktig aktør i trafikksikringsarbeidet. Kommunen har med bakgrunn i lover og forskrifter plikt til å arbeida tverrsektorielt og systematisk med trafikksikringsarbeid.

SEKTOR FOR SAMFUNNSUTVIKLING

Plan og utvikling sine oppgåver er knytt til samordning og gjennomføring av kommunale planprosessar, arealplanar og samfunnsplanar. Gjennom desse oppgåvene skal ein ta omsyn til trafikktryggleik i planprosessane.

Teknisk drift har ansvar for å ta imot vegmeldingar, vurderer desse og utføra tiltak på bakgrunn av vurderingane. Dei har òg ansvar for drift og vedlikehald av kommunal veg, brøyting og veglys.

SEKTOR FOR OPPVEKST, UNDERVISNING OG KULTUR:

HELSESTASJONEN: Har jamleg oppfølging av foreldre og born om trafikktryggleik.

BARNEHAGANE: Har trafikk som tema i barnehagen og er med på nasjonal refleksdag i oktober.

BARNESKULANE: Arbeider saman med bussoperatøren om skulebuss og sikring i og rundt skulebussordninga. Skulane følgjer opplæringsplanen og har eit spesielt fokus på trafikksikring i 1. klasse. Det er i samarbeid med BKK utdeling av refleksvestar til 1. klasse. Skulane har sykkeldag i 4. klasse etter modell frå Trygg Trafikk i samarbeid med politiet når dei har anledning til dette.

UNGDOMSSKULE: Har tilsyn på busshaldeplass etter skuletid. Dei har sykkeldag med fokus på bruk av hjelm i samarbeid med politiet. Osterøy ungdomsskule nyttar ZERO programmet som eit førebyggjande program for å styrka elevane til å ta rette val.

OSTERØY VIDAREGÅANDE SKULE: I samarbeid med politiet gjennomfører dei årleg førebyggjande tiltak retta mot russen med fokus på fart og rus

SEKTOR FOR HELSE OMSORG OG SOSIAL:

Hjelpemidler til bruk i trafikken: Den som søker om hjelpemidler til bruk i trafikken har ansvar for å læra opp brukar i trafikkregler knytt til bruk av hjelpemiddelet.

4.2 VESTLAND FYLKESKOMMUNE



Frå 1.1.2020 vart Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune slått saman til Vestland fylkeskommune. Fylkeskommunen har etter Vegtrafikklova §40a ansvar for å samordna tiltak for å fremja trafikktryggleiken i fylket. Fylkeskommunen er vegeigar av fylkesvegnettet og har ansvar for planlegging, drift og vedlikehald av desse vegane. Fylkeskommunen har og ansvaret for kollektivtrafikken i fylket, inkludert skuleskyss. I tillegg har fylkeskommunen og eit pådrivar- og samordningsansvar for folkehelsearbeidet i fylket.

Fylkeskommunen sin fireårige handlingsplan for trafiksikring er eit grunnelement i trafiksikringsarbeidet og skisserer dei særskilde satsingsområda i perioden. Planen gjev eit oversyn over økonomiske rammer, og fordeling av midlane.

Fylkeskommunen har ansvaret for tre ulike tilskotsordningar. Desse tre tilskotsordningane er tilskot til kommunale trafiksikringsplanar, tilskot til lokale trafiksikringsarrangement og tilskot til mindre fysiske trafiksikringstiltak på kommunal og fylkeskommunal veg. Fylkeskommunen arrangerer også ein årleg trafiksikringskonferanse for kommunane i fylket.

Den kommunale trafiksikringsplanen er eit viktig grunnlag når fylkeskommunen skal gjera prioriteringar på fylkesvegnettet. Difor er det viktig for fylkeskommunen at kommunane har gode og oppdaterte kommunale trafiksikringsplanar.

4.3 STATENS VEGVESEN



Statens vegvesen

Statens vegvesen har ansvar for beredskap på vegane, for informasjon og opplæring for å betra åtferda i trafikken. Statens vegvesen fører kontroll av køyretøy og verneutstyr, gjennomfører førarprøver og følgjer opp trafikkskulane. Statens vegvesen er ansvarleg for koordinering av arbeidet med plangrunnlaget til Nasjonal transportplan, dei er høyringsinstans for reguleringsplanar og har vedtaksmynde i søknad om nedsett fartsgrense på fylkesveg og riksvegar i landet.

4.4 OSTERØY LENSMANNSKONTOR



Politiet har årleg førebyggjande gjennomgang med russen på Osterøy vidaregåande skule. Dersom politiet vert invitert, vitjar dei ungdomsskular, barneskular og barnehagar.

Lensmannskontoret har kontrollar åleine, eller i samarbeid med UP. Dei utfører og kontrollar saman med Statens vegvesen og Trygg Trafikk.

Politiet etterforskar og rapporterer trafikkulukker med personskadar og er vedtaksmynde på ein del trafikkregulerande tiltak.

4.5 TRYGG TRAFIKK



Trygg Trafikk er ein landsomfattande organisasjon for det frivillige trafikktryggingsarbeidet. Dei gjennomfører kampanjar og prosjekt, og gjev opplæring og informasjon om trafikktryggleik til barnehagar, skular, bedrifter, kommunar og styresmakter. Trygg Trafikk har etablert konseptet «trafikksikker kommune». Her er fokuset tverrfagleg samarbeid innan i kommunen. Dette er som kjent også eit prosjekt som er ein del av fylkeskommunen sin trafikksikrings-plan.

4.6 SKYSS



Skyss og Kringom slo seg saman etter samanslåing til Vestland fylkeskommune. Dei utgjer no mobilitetseininga i fylkeskommunen. Dei set i verk vedtekne strategiar og tiltak for å nå dei politiske måla for kollektivtrafikken i Vestland. Lokalt har bussoperatøren eit nært samarbeid med skulane i samband med skulestart for dei som tek buss til og frå skulen.

4.7 ANDRE

Forutan dei som er nemnd ovanfor er det fleire etatar som tek del i trafikksikringsarbeidet i kommunen. Det kan vera i form av trafikkopplæring, førebyggjande tiltak, eller direkte involvert i arbeidet rundt trafikkulukker. Her kan ein nemne; trafikkskulane i området, blålysetatar, forsikringsselskap og lokalpresse.

5.0 NASJONALE OG REGIONALE MÅLSETJINGAR OG SATSINGSOMRÅDE FOR TRAFIKKSIKRINGSARBEIDET

5.1 NASJONALE MÅL

Nasjonal transportplan 2018-2029

Regjeringa sitt mål og satsingsområde i trafikksikringsarbeidet vart presentert i Meld. St. 33 (2016 – 2017) Nasjonal transportplan 2018 – 2029. Her vert det formulert etappemål for trafikksikring som seier at «*antall drepte og hardt skadde i trafikken skal reduseres til maksimalt 350 innen 2030*» (NTP 2018-2029).

[Nasjonal transportplan 2018-2029](#)

5.2 NASJONAL TILTAKSPLAN

Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018 – 2021

Nasjonal tiltaksplan for trafikksikring på veg er utarbeidd av Vegdirektoratet, Politidirektoratet, Helsedirektoratet, Utdanningsdirektoratet, Trygg Trafikk, fylkeskommunar og 7 storbykommunar. I tillegg har ei rekkje ulike interesseorganisasjonar vore involvert.

Tiltaksplanen gjev ein samla uttale om kva tiltak som skal gjennomførast for å bidra til å oppnå måla som er gjeve i planen. Tiltaksplanen inneheld tiltak i fire kategoriar:

- **Trafikantretta tiltak**
Trafikantane si åtferd er avgjerande for sikkerheita på vegane og enkelte trafikkgrupper er overrepresentert i ulukkesstatistikken både i form av ulukkesinnblanding og i form av skadeomfang, og utgjer slik ein fare for seg sjølv og andre. Det er venta at målretta tiltak mot høgrisikogrupper og trafikkfarleg åtferd vil gje ein tydeleg reduksjon i tal drepne og hardt skadde.
- **Kontrolltiltak**
Høg fart og aggressiv trafikkåtferd, køyring i ruspåverka tilstand og manglande bruk av sikringsutstyr er medverkande faktorar i ein stor del trafikkulukker.
- **Køyretøytiltak**
Retta mot trafikkulukker der tilstanden på køyretøy er medverkande faktor. Det som oftast går igjen er feil eller manglar på dekk-/hjulutrustning på eit eller fleire av dei involverte køyretøya. Slitasje eller uheldige tekniske løysingar kan medverka til ulukker.
- **Tiltak på veg**
Dei forholda ved vegen og vegmiljøet som oftast har medverka til trafikkulukker, er linjeføring på vegen, sikthindringar, mangelfull skilting og oppmerking samt uryddig vegmiljø.

[Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018 – 2021](#)

5.3 REGIONALE MÅL

Regional transportplan Hordaland 2018 – 2029 (RTP).

Dette er ein langsiktig regional strategiplan for transportsektoren i Hordaland og er difor vedtaksgrunnlaget for fylkeskommunale prioriteringar og tildelingar innafor samferdsleområdet.

RTP legg nullvisjonen til grunn. I tillegg skal den vidareføra måla nedfelt i Handlingsplan for trafikkisikring 2018 – 2021 og Nasjonal transportplan. Det nasjonale målet er sett ned på fylkesnivå, og for Hordaland fylkeskommune er målalet: Tal personar som vert drepne og hardt skadde i vegtrafikken i Hordaland skal reduserast frå 85 i 2012 til 47 i 2024.

Handlingsplanen definerer dei viktigaste måla for trafikkisikringsarbeidet i Hordaland, samt å prioritera vedtekne satsingsområde og konkrete tiltak for å oppnå mål om reduksjon i tal drepne og hardt skadde i åra framover.

Overordna mål for Regional transportplan for Hordaland 2018-2029 er «Hordaland skal ha eit sikkert transportsystem som tek i vare mobilitetsbehov og bidreg til omstilling til lågutsleppssamfunnet.

[Regional transportplan for Hordaland 2018-2029](#)

6.0 MÅLSETJINGAR FOR TRAFIKKSIKRINGSARBEID PÅ OSTERØY

Måla for trafikksikringsarbeidet i Osterøy kommune byggjer på nullvisjonen når det gjeld drepne og alvorleg skadde i trafikken, og er underlagt overordna målsetjingar på nasjonalt og regionalt nivå.

Hovudmål:

Redusera tal drepne og hardt skadde til null innan utgangen av planperioden. Det skal vera trygt for innbyggjarane å velja helsefremjande transportløyisingar.

- Delmål: Reduksjon i tal ulukker som normalt har alvorleg utfall
- Delmål: Lågare alvorsgrad på dei ulukkene som skjer.
- Delmål: Planleggja for å auka tal innbyggjarar som brukar helsefremjande transportløyisingar på strekningar mellom 0 – 4 km.

På bakgrunn av desse måla samt nasjonale og regionale målsetjingar ynskjer kommunen:

- Å bidra til å skapa gode haldningar i trafikken
- Å tenkja trafikksikring og tilrettelegging for gode trafikksikre løyisingar gjennom all planlegging, utbygging og utbetring av veg.
- Planleggja for at ein i dei sentrale delane av kommunen skal kunna utføra kortare reiser med sykkel (4 km). Målpunkt for barn og unge skal kunna bli nådd med sykkel.

7.0 SATSINGSOMRÅDE FOR TRAFIKKSIKRINGSARBEID PÅ OSTERØY


1. Starta arbeid for å verta trafikksikker kommune i samsvar med kriteria frå Trygg trafikk.

- Trafikksikker kommune
- Trafikksikker barnehage
- Trafikksikker skule

2. Utarbeida plan for gang- og sykkel. Gjera det tryggare å nytta sykkel i dei sentrale delane av kommunen. Målpunkt for barn og unge skal kunna bli nådd med sykkel. Dette er i samsvar med vårt hovudmål.

3. Fysiske tiltak på vegnettet

Gjennom vegutforming og fysiske tiltak skal ein få eit vegnett som reduserer tal på drepne og skadde i trafikken i samsvar med vårt hovudmål.



**HANDLINGSPLAN
FOR TRAFIKKSIKRING I
OSTERØY KOMMUNE**

2021 - 2025

8.0 HANDLINGSPLAN FOR TRAFIKKSIKRING PÅ OSTERØY

OSTERØY KOMMUNE HAR VALD Å KATEGORISERA TRAFIKKSIKRINGSTILTAKA SLIK:

- A. Organisatoriske tiltak: Kommunen skal ha fokus på trafikkisikring i alle ledd i organisasjonen
- B. Haldningsskapande tiltak: Tiltak retta mot trafikantgrupper for å sikra god åtferd i trafikken.
- C. Rassikring av fylkesvegar:
- D. Trygg skuleveg
- E. Store prosjekt
- F. Reiseliv og tiltak langs fylkesvegnettet
- G. Auke i kollektivandel, sykkel og gange
- H. Fylkesvegar: Mindre fysiske tiltak
- I. Innspel til Statens vegvesen: Endring av fartsgrenser
- J. Innspel til Statens vegvesen: Andre tiltak
- K. Kommunale tiltak

Prioriteringar for fylkesvegar er arbeidd ut i frå kategoriane skildra i «Regional transportplan for Hordaland 2018-2029» sin handlingsdel 2018-2021 (RTP/HD), det vil seie fylgjande kategoriar som høver best til tilhøva på Osterøy:

- 5.1 Rassikring
- 5.2 Trygg skuleveg
- 5.6 Reiseliv og tiltak langs fylkesvegnettet
- 6.1 Reiseliv og kollektivtransport (ingen innspel)
- 7.2 Auke i kollektivandel, sykkel og gange
- 7.5 Innfartsparkering (ingen innspel)

A. ORGANISATORISKE TILTAK

TRAFIKKSIKKER KOMMUNE

ARBEIDA FOR Å BLI EIN TRAFIKKSIKKER KOMMUNE VED Å INNARBEIDA FØLGJANDE TILTAK:

TILTAK:	ANSVAR:
FORANKRING AV TRAFIKKTRYGGLEIKSARBEIDET:	
Forankra ansvar for trafikktryggleiksarbeidet hjå tilsette og politikarar.	Rådmannen
Utval med ansvar for trafikktryggleik i Osterøy kommune.	Plan og kommunalteknisk utval
PROSEDYRAR / RUTINAR:	
Innarbeida trafikktryggleik i HMS/internkontrollsystem	HMS
Gjennomgå reglar for reiser og transport i kommunen sin regi i forhold til anbefalingar for trafikktryggleik	HMS
Innarbeida oppdaterte kriterium for trafikktryggleik i anbod ved kjøp av transporttenester.	HMS
Kommunen skal arbeida inn kriteria for trafikksikker kommune/sjekklistene for kommunen sine sektorar (HR, barnehage, skule, kultur, helse og veg).	Stab og sektor
PLAN FOR TRAFIKKSIKRING:	
Oppdatert oversyn over trafikkulukker og trafikkuhell	Sektor for samfunnsutvikling
Trafikksikringsplanen skal vera forankra i fylket sin trafikksikringsplan	Planavdeling
Trafikksikringsplanen skal ha rullerings- og rapporteringsrutinar.	Planavdelinga
Planen skal ivareta haldningsskapande, trafikkretta- og fysiske tiltak.	Planavdelinga
GENERELT:	
Tenestesamling for kommunalt tilsette (inkludert lærlingar) om trafikksikring	
Kommunen som bedrift skal visa seg som eit godt førebilete.	
Kommunen skal påverka lag og foreiningar til å innarbeida reglar for trafikktryggleik i si verksemd.	

SEKTOR FOR OPPVEKST, UNDERVISNING OG KULTUR:

Sektoren skal følgja opp aktuelt arbeid som kjem inn under kommunen sitt arbeid med å verta ein trafikksikker kommune, samt oppretthalda arbeidet som vert gjort innan trafikksikring i dag. Det er eigne kriterier for barnehage og skule frå Trygg trafikk, desse skal Osterøy følgje.

TRAFIKKSIKKER BARNEHAGE

TILTAK	ANSVAR:
GENERELT:	
Trafikkopplæring skal vera med i barnehagen sin årsplan.	Styrar
Krav til busselskap og drosjar om belte og trafikksikker åtferd ved kjøp av transporttenester.	Sektor Oppvekst/undervisning og kultur.
Tilsette skal kjenna rutinar for handtering av uforutsette faresituasjonar og hendingar på turar.	Styrar
Barnehagen skal utarbeide rutinar for å ivareta tryggleiken på turar til fots, med bil eller buss.	Styrar
TRAFIKKOPPLÆRING I BARNEHAGEN:	
Borna skal læra enkle trafikkreglar for fotgjengarar.	Styrar / tilsette
Borna skal læra om sikring i bil, sykkelhjelm og refleks.	Styrar / tilsette
SAMARBEID MELLOM BARNEHAGE OG HEIM	
Årleg gjennomgang med foreldre og tilsette av rutinar for å ivareta borna sin tryggleik ved barnehagen sin parkeringsplass og port.	Styrar/tilsette/føresette
Krav til foreldre om å sikra born på veg til og frå barnehagen.	Styrar/tilsette/føresette
Trafikktryggleik og trafikkopplæring skal vera eit integrert tema på foreldremøte.	Styrar/tilsette/føresette
Foreldre skal verta involvert i barnehagen sitt trafikktryggingssarbeid.	Styrar/tilsette/føresette

TRAFIKKSIKKER SKULE

TILTAK:	ANSVAR:
GENERELT:	
Skulen skal ha ein plan for å ivareta elevane sin tryggleik til og frå skulen, enten dei går, sykklar eller blir køyrt.	Rektor
Skulen skal utarbeida rutinar for å ivareta tryggleiken på turar til fots, på sykkel, i bil/buss eller med kollektivtransport i skulen sin regi.	Rektor
Skulen skal ha gode rutinar for at planane blir følgt av dei tilsette og ha ein trafikkansvarleg lærar.	Rektor
TRAFIKKOPPLÆRING I SKULEN	
Skulen skal integrera trafikkopplæring i lokal læreplan/ årsplan i tråd med Kunnskapsløftet sitt kompetansemål.	Rektor/tilsette
Skulen skal leggja til rette for at det vert gjennomført god trafikkopplæring. Døme på trafikkopplæring er digitale opplæringsvertøy som Barnas Trafikkklubb for småskulen og Sykkeldyktig for 4.-7.klasse.	Rektor/tilsette
SAMARBEID MELLOM SKULE OG HEIM	
Skulen sin læreplan for trafikk skal vera årleg tema på foreldremøte.	Rektor/tilsette/føresette
Foreldre må verta involvert i skulen sitt trafikktryggingsarbeid, til dømes gjennom foreldra sitt arbeidsutval (FAU).	Rektor/tilsette/føresette

HELSESTASJONEN:

TILTAK:	ANSVAR:
Tema: Sikring i bil av gravid – informasjon	Jordmor
Tema: Bilsete til baby – informasjon	Jordmor
<i>Nyfødt, 2 år, 4 år og skulestart.</i> Tema: Sikring i bil /barnesete informasjon + brosjyre.	Helsesøster
<i>6 mnd + 2 års kontroll:</i> Tema: Refleks på vogn, sikring av born og foreldre ved bruk av barnesete på sykkel. Bilsete tilpassa barnet.	Helsesøster
<i>4 års kontroll:</i> Tema: korleis reisa med barnet i trafikken – bruka gangfelt (der det er), stoppa før vi går over vegen, sjå til begge sider, bruk av refleks, sykkelhjelm og eigen sykkel	Helsesøster
<i>Skulestart:</i> Tema: Tilpassa tohjuls sykkel, tren på å sykla med barnet. Ikkje sykla åleine i trafikken før 10-12 års alderen. Vurdera trafikkmiljøet der de bur.	Helsesøster
<i>Ungdomskolen 8.klasse:</i> Tema: sitja på i bil når nokon køyrer fort og/eller er påverka av rusmidlar	Helsesøster
<i>Videregående:</i> Tema: Russetid, rus og bilkjøring, unge bilførara og fart	Helsesøster

SEKTOR FOR SAMFUNNSUTVIKLING

TILTAK:	ANSVAR:
Kommuneplanar, kommunedelplanar og temaplanar:	
Planar skal ta omsyn til trafikksikkerheit, dersom tiltak i planen vil ha innverknad på trafikkbiletet på Osterøy.	Plan

Planane skal leggja til rette for at innbyggjarane skal kunna ta trygge, helsefremjande val når dei skal flytta seg.	Plan
Laga plan for gang- og sykkelveg på Osterøy.	
Arealplanlegging:	
Alle arealplanar skal ha fokus på trafikksikring og kva ringverknader etableringar langs vegen skapar med tanke på å sikra trygg ferdsel for alle trafikantgrupper.	Plan
Reguleringsplan:	
Når kommunen utarbeider planar for vegutbetring eller bygging av nye vegar, skal desse gjennom ein trafikksikringsrevisjon. Føremålet med revisjonen er å gjera planen så sikker som mogleg allereie før vegen blir bygd.	Plan

TILTAK:	ANSVAR:
Sektoren har ansvar for drift og vedlikehald av kommunal veg , brøyting og veglys.	Teknisk drift
Ta i mot og følgja opp meldingar som kjem inn i samband med trafikktryggleik.	Teknisk drift
Sektoren skal følgja opp aktuelt arbeid som kjem inn under kommunen sitt arbeid med å verta ein trafikksikker kommune.	Sektor for samfunnsutvikling

SEKTOR FOR HELSE, OMSORG OG SOSIAL

TILTAK:	ANSVAR:
Sektoren skal følge opp aktuelt arbeid som kjem inn under kommunen sitt arbeid med å verta ein trafikksikker kommune.	Sektor for helse, omsorg og sosial

B. HALDNINGSSKAPANDE TILTAK

1. Ein del av dei haldningsskapande tiltaka ligg inn under organisatoriske tiltak 8 A. Dette gjeld til dømes tiltak direkte retta mot eigen organisasjon og tiltak retta mot organisasjonen som eigar av barnehage/skule og helsestasjon.

2. SIKRINGSVEKE: Koordinera ei veke der organisasjonen innad og i samarbeid med bedrifter/frivillige organisasjonar utad arbeider med mellom anna trafikktryggleik. Andre funksjonar denne veka kan ha er: fokus på brannvern, førstehjelp, rus m.m. Døme på trafikksikringstiltak i ei sikringsveke:

Eigen organisasjon:

- Born: Spesiell fokus på trafikk i barnehage/skule denne veka
- Tilsette: Fokus på trafikktryggleik i aktuelle møte denne veka.

Samarbeid med Fylkeskommunen:

- Inngå samarbeid med Osterøy vidaregåande skule for å auka fokus på trafikksikringsarbeid mot ungdom.

Bedrifter:

- Oppretta samarbeid med bedrifter for å få dei til å retta fokus på trafikktryggleik for sine tilsette til og frå arbeid og i arbeidstida.

Yrkessjåførar:

- Initiera eit samarbeid med bedrifter for å få yrkessjåførar til å vera med på opplæring innan trafikktryggleik retta mot skulane.
- Samarbeid med bedriftene om haldningsarbeid innan trafikktryggleik for sjåførar.

Eldre i trafikken:

- Leggja til rette for trafikk - kurs for eldre 65 + i samarbeid med friviljuge organisasjonar.

Rus:

- Oppretthalda ordninga der politiet har årlege gjennomgåingar med russen om fart og rus.

3. KONTROLLAR:

FART/SIKRING I BIL:

Politiet har ansvar for dette.

SIKRING AV KJØRETØY:

Statens vegvesen har ansvar for dette.

C. RASSIKRING AV FYLKESVEGAR (RTP 5.1)

Ved prioriteringa var dokumentert rasfrekvens hjå Statens Vegvesen vekta tyngst, så innbyggjartal i området, kjent rasfare, og om det manglar moglegheiter for omkøyning ved ras.

Prio.	Vegnummer og lokalitet	ÅDT 2017	Rasfare SSV	Innbyggjartal 2019
1.	Fv 5418 Heklandslia og Einhamaren	400	Høg	489
2.	Fv 5418 Navena	400	Middels	489
3.	Fv 5418 Stokkaneset	400	Middels	489
4.	Fv 5418 Storaviki	400	Middels	489
5.	Fv 5420 Votlovegen	700	Ikkje vurdert	252
6.	Fv 5418 Kvisti vest	450	Låg	1100
7.	Fv 5418 Haus aust	400	Låg	1100
8.	Fv 5418 Tveit aust	400	Låg	1100
9.	Fv 5425 Skår til Angelskår	350	Ikkje vurdert	281
10.	Fv 567 Bysheim, ved Høyen	1600	Ikkje vurdert	189
11.	Fv 5430 Nedre Herlandssvingane	300	Ikkje vurdert	525
12.	Fv 5430 Forbi Kjørrgrova ved Husavatnet	800	Ikkje vurdert	695
13.	Fv 567 Auravikshelleren	500	Ikkje vurdert	144
14.	Fv 567 Raudbergsvingen	500	Ikkje vurdert	144
15.	Fv 567 Kleppsvågen	500	Ikkje vurdert	144

Osterøy kommune sine innbyggjarar oppmodast til å melda inn ras dei oppdagar på fylkesvegane. Det vil føre til betre rasfarekartlegging og aukar moglegheita for støtte til rassikringstiltak. Ring 175, eller send e-post til vtv-vest@vegvesen.no for å melda frå om ras.

D. TRYGG SKULEVEG (RTP 5.2)

Prio.	Vegnummer og lokalitet	ÅDT 2017	Innbyggjarar 2019	Type tiltak	Skildring
1.	KV 1047 - Fortau i Fossen/Ramberget			Fortau/ Gangveg	Fortau i Fossen/Ramberget.
2.	Fv 567 Loftås til Hauge	3300	2510	Gang- og sykkelveg	Plan ID 12532012001 Gang- og sykkelveg på sørsida med utbetring av fylkesvegen.
3.	Fv 5420 Trafikkløysing Haus	900	1005	Blanda	Det ligg føre prosjektering sikrar mellom anna plass til fleire bussar ved busshaldeplassen ved Haus barnehage og skule, universell utforming, nye gangfelt, betre belysning frå Kiwi til barnehagen.
4..	Kv 1054 Fv 363 Hatland til Flatevad	1300	739	Fortau / gangveg	På sørsida frå Rymleheia til Flatevad.
5.	Fv 5420 Votlo til Haus	700	863	Gang- og sykkelveg	På vestsida av vegen til Haus skule.
6..	Fv 567 Trafikkløysing Fotlandsvåg	700	838	Blanda	Heilskapleg løysing (KDP) trengst for å sikra mjuke trafikantar med gangveg, busstopp osv. Frå sentrum av Fotlandsvåg til skulen, inklusive skuleområdet med parkering og snuplass for skulebussen.
7.	Fv 567 Bysheim	1600	223	Fortau / gangveg	Fortau / gangveg frå busstopp ved Bysheimskleivane til byggjefeltet.
8.	Fv 5430 Hatland til Fitje	800	864	Fortau / gangveg	På vestsida frå Lonevåg barnehage til Fitje.
9.	Fv 5416 Mjeldavatnet til Haus	1100	611	Gang- og sykkelveg	På sørsida frå gamle brannstasjonen til vegkrysset (Fv 5416 og Fv 5420).
10.	Fv 567 Geitheim	1600	189	Fortau / gangveg	Gangveg på vestsida av vegen, ved fyrste bustad ved tunnelen til busstoppet på Geitheim.
11.	Fv 567 Søre Bysheim	1600	223	Fortau / gangveg	Gangveg / fortou på vestsida frå Myra til Høyen.

12.	Fv 567 Fotlandsvåg	800	433	Fortau	Fortau frå Saltverket til sentrum av Fotlandsvåg, på utsida av vegen, 1900m.
-----	--------------------	-----	-----	--------	--

Metode brukt ved vekting av tiltaka i liste D - Handlingsdelen i «Regional transportplan Hordaland» sin del 5.2: Trygg skuleveg

Trafikktal (ÅDT) vert vekta likt med innbyggjartalet (SSB 01.01.2019) i krinsen eller krinsane tiltaket ligg i. Det vert gjeve poeng for å knyta bygder saman og om tiltaket vil gje elevar moglegheit til å gå til skulen og fjerna behov for skuleskyss. Det vert gjeve særskild poeng om tiltaket er nært opp til eller i skuleområde, og pluss/minus poeng om tiltaket er kort/langt. Det er gjort enkel vurdering av omfang og kostnader.

E. STORE PROSJEKT

Dette er store investeringstiltak som krev naudsynt godkjenning og løyve frå rette styresmakt i fylkeskommunen eller kommunen.

Prio.	Vegnummer og lokalitet	ÅDT 2017	Innbyggjarar 2019	Type tiltak	Skildring
1.	Fv 5418 Stokke til Bruvik	400	489	Utbetring	Utbetring, utviding og sikring av eksisterande veg.
2.	Fv 566 Vesetgjelet	4000	(Alle)	Utbetring	Plan ID 12532010005
3.	Fv 567 Erstadsvingen i Hosanger	1300	1275	Utbetring	Utbetring og utviding av eksisterande veg for betre sikt og slik at den vert tryggare for mjuke trafikantar med fortau eller gangveg.
4.	Fv 5428 Raknesvågen til Hjellvik badeplass	400	486	Utbetring	Utbetring og utviding av eksisterande veg slik at den vert tryggare for mjuke trafikantar med fortau eller gangveg.

F. REISELIV OG TILTAK LANGS FYLKESVEGNETTET (RTP 5.6)

Prio.	Vegnummer og lokalitet	Type tiltak	Skildring
1.	Fv 567 Geitheim	Parkering	Geitheim er eit område som er fint utgangspunkt for å gå den gamle gruvevegen til Nonås. Vegen er eit viktig kulturminne på Osterøy. Vil også kunna fungere som parkering for badeplassen «Klubben». I dag skapar parkering i kanten av fylkesvegen trafikkfarlege situasjonar.
2.	Fv 567 Bysheim Søre	Rasteplass	Fin utsikts plass over Lonevågen, til Raknes og Nordhordland. Naturleg lokalitet for rastepunkt for turistar.

Tiltaka er prioritert etter rekkja dei var spelt inn.

G. AUKE I KOLLEKTIVANDEL, SYKKEL OG GANGE (RTP 7.1)

Tiltak
Fv 5422 Gjerstadvegen – Gang og sykkelveg i Lonevåg frå rundkøyering til krysset Gjerstadvegen/Fotlandsvegen.
Fv 567 Busstopp / avstigningspunkt manglar på Søre Bysheim / «Myra» på vestsida. Passasjerar må hoppa av langt ned i grøfta.
Fv 567 Busstopp / avstigningspunkt manglar på austsida ved krysset til Bysheim kai. Passasjerar må hoppa av langt ned i grøfta.
Fv 567 Busstopp / avstigningspunkt manglar på austsida ved krysset til Nonås. Passasjerar må hoppa av langt ned i grøfta.
Fv 567 Flytting av busstopp ved Helldalsbrekka mot sør for å gje betre sikt. Opparbeida trygge buss-stopp på begge sider.
Fv 567 Busstopp på vestsida av Helldalskrysset og krysset til Fjellskålnes.
Fv 5425 Busslomme manglar ved Hamre grendaskule
Fv 567 Avstigningspunkt på austsida av Helldalskrysset.
Fv 567 Busstopp manglar på Gatland retning vest (på nordvestsida). Passasjerar må i dag stå i vegbana.
Kv Endestasjon Njåstad manglar snuplass for bussen.

Lista er ikkje prioritert og inneheld hovudsakleg mindre tiltak ved busshaldeplassar.

H. FYLKESVEGAR: MINDRE FYSISKE TRAFIKKSIKRINGSTILTAK

Vegnummer og lokalitet
Fv 5425 Varmyra - Kvammen (autovern / støypekant)
Fv 5416 Blautmyrsvingen (autovern / støypekant)
Fv 5425 Tepstad (autovern / støypekant)
Fv 5418 Olsnesskiftet (autovern / støypekant)
Fv 5425 Solhaug - Hamreplass (autovern / støypekant)
Fv 5425 Bleikli - Kvernhusbrekka (autovern / støypekant)
Fv 5425 Eikeland - Øyjord (autovern / støypekant)
Fv 5428 Hjellvik bedehus - Raknes (autovern / støypekant)
Fv 5428 Krysset Hjellvikvegen - Raknesvegen (mellom trafo og parkeringsplass) (autovern / støypekant)
Fv 5428 Rakes - Dale (autovern / støypekant)
Fv 5428 Hjellvik - Børtveit (autovern / støypekant)
Fv 5428 Greve - Borge (autovern / støypekant)
Fv 5428 Borge – Haugadalen (autovern / støypekant)
Fv 5430 Fotland grendahus- Grønskaret (autovern / støypekant)
Fv 5430 Kjørgrovi - Hatland (autovern / støypekant)
Fv 5422 Orrheia - Mæle bru (autovern / støypekant)
Fv 5422 Skjerping - Hartveit (autovern / støypekant)
Fv 567 Helldal kryss - Mjøs pels (autovern / støypekant)
Fv 567 Ved Kleppsvågen/vatnet (autovern / støypekant)
Fv 5428 Hjellvikåsen: Dårleg rekkverk (autovern / støypekant)
Fv 5418 Kvisti - Lekneset (støypekantar og autovern)
Fv 5418 Hekland (støypekant)
Fv 5425 Skår - Angelskår (støypekantar)
Fv 5425 Skår - Angelskår (manglande autovern ved stup)
Fv 567 Krysset ved Knuthaugsvegen (autovern / støypekant)
Fv 5418 Spegel i Buskarbakken
Fv 5418 Spegel i Kløvesvingen

Vegnummer og lokalitet
Fv 5418 Bruvik sentrum (fartsdemparar)
Fv 566 Ambogen til Tirsåstunellen (veglys)
Fv 567 Hauge busstopp (veglys)
Fv 567 Krysset Hannisdalslina og Koppen (veglys)
Fv 567 Avstigningspunkt for skulebuss i krysset mellom Fv 567 og veg mot Åsgardane: Fjerna knaus som hindrar sikt. Utbetre avstigningspunkt for skulebuss på vestsida i krysset.
Fv 567 Fjerning av fjellknaus i innersvingen ved smalaste punktet ovafor Litlandselva og mot gartneriet.
Fv 567 Bakketopp ved Heldalsstølen: Fjerning av fjellknaus i kryss til Røslund.
Fv 5418 Blom (fartsdemparar)
Fv 5418 Hundhammer (fartsdemparar)
Fv 5418 Stokko (fartsdemparar)
Fv 5416 – Midt-Mjelda («Barn leikar»-skilt)

Lista er ikkje prioritert. Arbeidsgruppa føreslår at Sektor for Samfunnsutvikling slår saman fleire tiltak til prosjekt som kostar mindre enn kr. 250.000 og søker Fylkeskommunen om midlar.

I. INNSPEL TIL FYLKESKOMMUNEN/STATENS VEGVESEN: ENDRING AV FARTSGRENSER

Vegnummer og lokalitet	Ny fartsgrense
Fv 567 Saltverket til Fotlandsvåg sentrum	50 km/t
Fv 567 Helldal – Børo	50 km/t
Fv 5416 Mjeldalen - Haus sentrum	40 km/t
Kv 52 Mjøsdaalen til barnehagen	30 km/t
Kv 1006 Bjørndal handel - Kleiveland	50 km/t
Fv 5418 Kløve - Olsnesskiftet	30 km/t
Fv 567 Bysheimkleivane der det i dag er 50 km/t	40 km/t
Fv 567 Litlandselva til «Søre Myra» (på Høyen) 50 km/t, men 40 km/t for den delen av denne strekninga der det i dag er 50 km/t)	40 km/t
Fv 567 Søre Bysheim til første bustadområde på Geitrheim	60 km/t
Fv 567 Frå bustadområde på Geitrheim til Lonevågstunnelen	50 km/t
Fv 567 Litland mot Røslandskrysset	60 km/t
Fv 567 Røslandskrysset over på Helldalsstølen	50 km/t
Fv 567 Helldal-Helldalsbrekka	60 km/t
Fv 567 Børo - Helldal	50 km/t
Kv 1006 (Osterøyvegen 2701) Opp til Fotlandsvåg skule	30 km/t
Fv 567 Fotlandsvåg sentrum	30 km/t
Fv 5430 Fotlandsvåg sentrum til skulen	30 km/t
Fv 5422 Ved Seljerinden mot Hartveit	60 km/t
Fv 5418 Blom til Struken (tunnelen)	50 km/t
Fv 5418 Stokke til Skaftå	50 km/t
Fv 5418 Hekland til Indre Bruvik	50 km/t
Kv 1022 Stormyrsvegen og Knuthaugsvegen	30 km/t
Fv 567 Tysse bru til Askildstoppen	40 km/t
Fv 567 Lonevåg – strekning frå rundkøyering mot tunnel forbi planlagt småbåthamn.	50 km/t
Fv 5418 Bruvik- Spikhaugen bustadfelt	50 km/t

Vegnummer og lokalitet	Ny fartsgrense
FV 567 – Osterøyvegen – på strekninga frå rundkøyring til Lonevågstunellen (forbi regulert småbåthamn)	50 km/t
FV 5418 – Kvisti -Vimmelvik	50 km/t

J. INNSPEL TIL FYLKESKOMMUNEN/STATENS VEGVESEN: ANDRE TILTAK

Vegnummer og lokalitet	Skildring
Fv 5418 Bruvikdalen	Skilting til parkeringa på Båtaleitet i Bruvikdalen, t.d. «P 500m» med pil.
Fv 566 Hannisdalslinja ved avkjøringa til Koppen	Forbikøyring forbode med sperrelinje og veglys for busstoppa.

K. KOMMUNALE TILTAK/VIKTIGE TILTAK

Dette gjeld tiltak som ikkje er knytt til eller som gjeld fylkesveg.

Skildring
Veg til Fossen/Ramberget/Nausthaugen – Utbetring av vegen frå fylkesvegen og forbi avkøyrse til Nausthaugen
Espevoll / Rongve / Vevle: Støypekantar i dårleg stand. Burde vore meir sikra.
Båtaleitet: Asfaltering av parkeringsplassen
Frå FV5430 opp til Fotlandsvåg skule, steng av for gjennomkøyring.
Stenging av Kossdalsvegen for regulær trafikk ved Holabrua. Stenging med skilt. Open trafikk for bebuarar og for naudsynt trafikk til utmark.
Vedlikehald av Tveitavegen som er no i svært dårleg forfatning. Der går det no småras på svært regnfulle dagar.
Vedlikehald av vegen til Heldal kai som er no i svært dårleg forfatning. (Vert utbeta i samband med utbygging av hyttefeltet?)
Rasfare Lonevåg sentrum mot Barkavikje (ta med i KDP Lonevåg).
Olsnesvegen generelt vedlikehald / rassikring.
I området Nonås / Flatås er det trong for parkeringsplass for turgåarar.

Lista er ikkje fullstendig eller med prioriteringar.

9.0 REALISERING

Ein vil kome tilbake til konkretisering av tidspunkt for tiltak gjennom det årlege kring økonomiplan- og budsjettarbeidet. Dette vil bli synleggjort i desse dokumenta sine handlingsprogram.

9.1 ØKONOMI

Ulike tiltak i planen vil måtte finansierast på ulike måtar. Blant anna gjennom årlege løyvingar i kommunen sitt drifts- og investeringsbudsjett, årlege løyvingar i fylkeskommunen sitt drifts- og investeringsbudsjett og av utbyggjarar i forhold til rekkefølgekrav m.v. Tilskot til trafikktryggleikstiltak.

10.0 LITTERATUR:

[Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018 – 2021](#)

[Stortingsmelding nr 33 \(2016-2017\) Nasjonal transportplan 2018-2029](#)

[St.meld. nr 46 \(1999-2000\) Nasjonal transportplan 2002 – 2011](#)

[Regional transportplan Hordaland 2018-2029](#)

[Statens vegvesen \(2019\) : Skredsikringsbehov langs riks og fylkesveg i vest](#)

[Statens vegvesen - Vegkart](#)

[Trygg trafikk](#)